

**Bra at unge som vil  
inn i politikken torer å  
varsle om maktmisbruk.**

LES DAGENS LEIAR



## Har lagt ut på jubileumssegglas

Elisabet og Dina er med på  
Sunnivaseglasen. **SIDE 14 OG 15**



## Gir frå seg sjefs- stolen etter 35 år

Tore Hjelle tar over etter Ove  
Kjøllesdal i Eid Elektro. **SIDE 11**

# Fjordenes Tidende Størst i Nordfjord

NR. 68, 110. ÅRGANG

## tysdag

1. SEPTEMBER 2020  
LAUSSAL KR 30,-



FOTO: BJØRN ERIK ØRÆLOS

# Tar nye steg mot suksess

Husevåg Rør AS leverer stabilt gode resultat samtidig som selskapet fortsetter å vokse. Nylig ansatte måløybedriften to nye medarbeidere og en tredje

lærling, og daglig leder Kristian Nydal forklarer suksessen med kompetente ansatte, godt samarbeid i bransjen og et offensivt lokalt næringsliv. **SIDE 4 OG 5**



## Har fått sin første kunde på land

Havfront og Marius Strømmen har siden 2016 levert «verdas minste sløye- og kappemaskin» til kvitfiskflåta. No har dei vidareutvikla maskina for å passe til landindustrien. **SIDE 12**



## Fikk raskt kontroll

Fullt mannskap rykket ut da det begynte å brenne ved MHServicenes sitt anlegg på Kulen. **SIDE 8**



## Meiner selskapa er i trygge hender

Leon Knapskog flytter snart sørover til Valencia, men 34-åringen har stor tru på at både Minibakeriet og Aske vil halde fram i beste velgåande med nye daglege leiatar. **SIDE 10 OG 11**

**tips:**  
57 84 90 00  
**sms/mms:**  
fjt tips til 2399  
**e-post:**  
fjt@fjt.no

# kultur.



# Elisabet og Dina følgjer skrinet

**Denne helga gjekk  
Sunnivafestivalen  
2020 av stabelen i  
Selje. Fredag kveld  
stod kveldsbøn, fak-  
keltog og avskjed  
med ein kopi av  
Sunnivaskrinet på  
det rikhaldige festi-  
valprogrammet.**

Kopien av Sunnivaskrinet vart frakta frå Selje kyrkje, over Seljesanden og bort til Klosterbåten som skulle frakte skrinet ut til Selja.

#### 850 år

I år er det nemleg 850 år sidan Sankta Sunniva sine leivningar vart flytta frå Selja til Bergen. I den samanheng er det arrangert ein kystpilegrimsseglas frå Selja til Bergen med ein kopi av Sunnivaskrinet.

– Skrinet skal vere eit symbol for vårrike historie, og på stoppestadane langs leia vil konfirmantar og andre fylle skrinet med papirblomar med bøner og draumar for framtidta, opplyser Stad kommune og Stad kyrkjeloge fellesråd.

#### Ser fram til ei spesiell oppleveling

Elisabet Osdal (17) og Dina Øien (18) er to av fire unge som er invitert til å vere med på ein seglas i historiske farkostar langs Kystpilegrimsleia for å markere at det er 850 år sidan flytinga av Sankta Sunniva sine leivningar.

– Dei ser fram til den spanande opplevinga, og gleder seg veldig til seglasen startar frå Selja laurdag 29. august.

– Eg er med fordi eg trur det blir ei oppleveling som ikkje så mange får moglegheita til å oppleve, seier Øien, før reisekompanjong Osdal legg til:

– Det verkar veldig spanande og nytt. Vi veit ikkje heilt kva vi gir oss ut på enda, så dette blir spanande.

Skrinet blir frakta i kulturhistoriske båtar som avløyser kvarandre undervegs, og som også har stopp på historiske stadar på ferda. Planen er å komme til Bergen laurdag 5. september – med ei ny markering der.

Sunnivafestivalen bestod elles av eit rikhaldig program, frukostmøte om berekraftig reiseliv på Stad hotell, strandrydding, ope hus i Selje pilegrimsstove og utstillingane der, guida tur over Selja med Stadt Naturguiding, samt marknad og stands i sentrum og konsert med Ytre Nordfjord Brass i parken.

**ANDREAS HELLENES**  
andreas.hellenes@fjt.no



**FESTIVAL:** Både marknad, stands og underhaldning var med på å bringe folk til Selje sentrum denne laurdagen.



**FAKKELTOG:** Rundt 30 stykk gjekk fakkeltog frå Selje kyrkje fredag kveld.



**SAMAN:** F.v. Inger Mette Sefland i Sefar, Karoline Liseth og Alexis Mørken, Hove Aktivitetssenter og kunstnar Vera Holmen hadde salsutstilling.



**PRODUKT:** F.v. nonne Evgenia, nonne Damaskini og abbedisse Thavoria selde eigenlaga naturprodukt som salve, såpe, krydder og religiøse gjenstandar.



**STAND:** Fader Isak (f.v.) fortalte at han var fornøgd med Sunnivafestivalen, og at dei hadde glede seg. Her saman med fader Smaragdos ved sidan av.



**UT PÅ REISE:**  
Stad-ordførar Alfred Bjørlo og Isak Rutledal var to av fire som frakta kopien frå Selje kyrkje til Klosterbåten. Her står dei saman med dei fire jentene som skal vere med å frakte skrinet vidare frå Selja til Bergen.  
F.v. Dina Øien, Sunniva Aadland Hoen, Alfred Bjørlo, Isak Rutledal, Elisabet Osdal og Victoria Elise Lid. **ALLE FOTO:** ANDREAS HELLENES



**KLARTE DET:** Til slutt kom både jentene og skrinet seg på båten som skulle frakte dei ut til Selja.



**KOMMUNIKASJON:** Å frakte eit avlangt skrin på ei trond båtkai kravde samarbeid.